



MØTEPROTOKOLL

Utval: Driftsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 11.05.2016
Tid: 12.00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Hild Våge	Nestleiar	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Mathilde Sjøhelle Eiksund	Medlem	V
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ivar-Otto Kristiansen	Per Svein Krøvel	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Vibeke Berge	Fagkonsulent skule
Einar Opsvik	Kulturskulerektor - orientering om kulturskulen
Bente Engeseth	Konsulent - sak PS 23/16 og 24/16
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service - sak PS 23/16 og 24/16
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

Det var ni røysteføre til stades då møtet vart sett.

Mathilde Sjøhelle Eiksund fekk permisjon kl. 15.00 under orienteringssakene.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 21/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 23/16	Skjenkeløyve i samband med konsert 03.09.16 i Mørehallen til inntekt for VTI-Fotball
PS 24/16	Skjenkeløyve - Austefjordhelg 10.06.2016
PS 25/16	Årsmøte frivilligsentralen 2016
PS 26/16	Politisk organisering. Vedtak frå driftstyret sitt møte 09.03.16. Til ny handsaming 11.05.16
	<u>Orienteringssaker</u>
OS 12/16	Alkoholpolitisk handlingsplan - løyvepolitikken 2016-2020
OS 13/16	Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen
OS 14/16	Møtereferat frå SU Vikebygda den 18.04.16
OS 15/16	Orientering om midlar til auka pedagogtettleik i 1. - 4. klasse

I starten på møtet orienterte rektor på kulturskulen, Einar Opsvik, om kulturskulen.

Han fortalde om korleis kulturskulen arbeider i dag, ein del faktaopplysningar om elevtal, lærarkrefter og arbeidsfelt. Og korleis han ser føre seg at kulturskulen kan bli i framtida. Der er mange muligheiter både med utvikling og samarbeid med andre. Når Øyra skule er ferdig skal kulturskulen flytte dit.

Driftsstyret fekk utsetting til neste møte å legge fram resten av synspunkt til arbeidshefte:
Innspeil til oppvekstplan

PS 21/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling og sakliste vart publisert 6. mai.
Vedlegg til PS 26/16 vart ettersendt til lesebrett.

Driftsstyret ynskjer protokollane frå Ungdomsrådet som orienteringssaker.

Det var kome eit skriv frå FAU ved Mork skule om inneklima og plassmangel.
Skrivet vart delt ut.

Driftstyret bed opplæring og oppvekstsektoren kome med svar på dette brevet i neste møte, 1. juni.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

PS 22/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Møteprotokoll frå forrige møte 13.04.2016, vart samrøystes godkjend.

PS 23/16 Skjenkeløyve i samband med konsert 03.09.16 i Mørehallen til inntekt for VTI-Fotball

Administrasjonen si tilråding:

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd vert det gitt skjenkeløyve ved einskildhøve.

- 1. Med heimel i alkohollova § 1- 6, får VOLDA TURN OG IDROTTSKLAG FOTBALL (org nr 981951921) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 19.00-02.00, i høve konsertarrangement i Mørehallen den 3. september 2016 (natt til påfølgjande dag).*
- 2. Det vert gitt skjenkeløyve for eit forsvarleg inngjerda uteområde utanfor Mørehallen jf vedlegget "Skisse Mørehallen". Det vert ikkje gitt løyve til skjenking på dette området, men til at gjestane skal få ta med seg alkoholhaldig drikk ut på området. Området skal vere skjema for innsyn frå skateparken.*
- 3. Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Johann Roppen, f. 29.06.67.*
- 4. Stedfortredar for styrar vert sett til: Audun Kristian Høidal, f. 02.04.74.*
- 5. Det vert stilt vilkår om 18-års aldersgrense jf. alkohollova § 4-3.*
- 6. Det vert stilt vilkår om at vaktplan, og at dei andre krava frå politiet er organisert før arrangementet tek til. Krav til vaktssystem må også vere på plass før, under og etter arrangementet. Dette må vere tilpassa i dialog med politiet.*
- 7. Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/2495.*

Handsaming:

Ivar-Otto Kristiansen kom med fylgjande utsettingsframlegg:

Ber om at kommunestyret behandlar 23/16, då driftstyret ikkje har beslutningskompetanse etter rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016.

Røysting:

Det var først prøverøysting på Kristiansen sitt framlegg.
To røysta for. Kristiansen og Espset.

Ved endeleg røysting fekk Kristiansen sitt framlegg ei røyst og fall.
Tilrådinga frå administrasjonen vart vedteken med seks røyster. Tre røysta mot. (Simonnes, Holsvik og Kristiansen)

Vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd vert det gitt skjenkeløyve ved einskildhøve.

- 1. Med heimel i alkohollova § 1- 6, får VOLDA TURN OG IDROTTSKLAG FOTBALL (org nr 981951921) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 19.00-02.00, i høve konsertarrangement i Mørehallen den 3. september 2016 (natt til påfølgjande dag).*
- 2. Det vert gitt skjenkeløyve for eit forsvarleg inngjerda uteområde utanfor Mørehallen jf vedlegget "Skisse Mørehallen". Det vert ikkje gitt løyve til skjenking på dette området, men til at gjestane skal få ta med seg alkoholhaldig drikk ut på området. Området skal vere skjema for innsyn frå skateparken.*
- 3. Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Johann Roppen, f. 29.06.67.*
- 4. Stedfortredar for styrar vert sett til: Audun Kristian Høidal, f. 02.04.74.*
- 5. Det vert stilt vilkår om 18-års aldersgrense jf. alkohollova § 4-3.*
- 6. Det vert stilt vilkår om at vaktplan, og at dei andre krava frå politiet er organisert for arrangementet tek til. Krav til vaktssystem må også vere på plass før, under og etter arrangementet. Dette må vere tilpassa i dialog med politiet.*
- 7. Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt for arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/2495.*

PS 24/16 Skjenkeløyve - Austefjordhelg 10.06.2016

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i alkohollova § 1- 6, får Austefjordhelg (org nr 913424670) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 22.00 til kl 02.00, i høve dans under arrangementet Austefjordhelg. Løyve gjeld den 10. juni 2016 (natt til 11. juni) i Austefjorden, på området som er spesifisert i vedlagt kartteikning.*
- 2. Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Janita Førde, f. 22.08.91.*
- 3. Stedfortredar for skjenkeløyvet vert sett til: Victoria Leite Høydal, f. 27.02.91.*
- 4. Det vert stilt vilkår jf. alkohollova § 4-3 om 18-års aldersgrense på areal der det vert skjenka alkoholhaldig drikk.*

5. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2016/419.*

Handsaming:

Ivar-Otto Kristiansen kom med fylgjande utsettingsframlegg:

Ber om at kommunestyret behandlar 24/16, då driftstyret ikkje har beslutningskompetanse etter rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016.

Røysting:

Ved røysting fekk Kristiansen sitt framlegg ei røyst og fall.

Tilrådinga frå administrasjonen vart vedteken med seks røyster. Tre røysta mot. (Simonnes, Holsvik og Kristiansen)

Vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

1. *Med heimel i alkohollova § 1- 6, får Austeffjordhelg (org nr 913424670) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 22.00 til kl 02.00, i høve dans under arrangementet Austeffjordhelg. Løyve gjeld den 10. juni 2016 (natt til 11. juni) i Austeffjorden, på området som er spesifisert i vedlagt kartteikning.*
2. *Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Janita Førde, f. 22.08.91.*
3. *Stedfortredar for skjenkeløyvet vert sett til: Victoria Leite Høydal, f. 27.02.91.*
4. *Det vert stilt vilkår jf. alkohollova § 4-3 om 18-års aldersgrense på areal der det vert skjenka alkoholhaldig drikk.*
5. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2016/419.*

PS 25/16 Årsmøte frivilligsentralen 2016

Administrasjonen si tilråding:

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

1. *Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2015 slik det ligg føre.*
2. *Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2016/2017.*

Handsaming:

Driftstyret oppmodar om at leiaren av Frivilligsentralen er tilstades på kommunestyremøtet og får legge fram årsmeldinga.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2015 slik det ligg føre.*
- 2. Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2016/2017.*

PS 26/16 Politisk organisering. Vedtak frå driftstyret sitt møte 09.03.16. Til ny handsaming 11.05.16

Handsaming:

Fellesframlegg frå driftstyret:

Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.

Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.

- 1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg*
- 2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara*
- 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra*
- 4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda*
- 5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017 .*
- 6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag.*

Røysting:

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.

Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.

- 1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg*
- 2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara*
- 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra*

4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda

5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017

6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag

Orienteringssaker

OS 12/16 Alkoholpolitisk handlingsplan - løyvepolitikken 2016-2020

OS 13/16 Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen

OS 14/16 Møtereferat frå SU Vikebygda den 18.04.16

OS 15/16 Orientering om midlar til auka pedagogtettleik i 1. - 4. klasse

Møtet slutt kl.15.15

Rett utskrift,
VOLDA KOMMUNE, Servicekontoret
12. mai 2016

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær